

R O M S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 5. august 1981.

Vatnet ligg i Bjerkreim kommune, på nordsida av Byrkjedalsvatnet, og aust for dei nedlagte gardsbruka på Foss.

Tidlegare var dette 2 vatn, Ytre og Indre Romsvatn, men det er nå sett opp demning på ca. 20 m i avlaupet frå Ytre Romsvatn slik at vatna har blitt slått saman. Høgdeforskjellen var tidlegare 3,0 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men denne vil sjølv sagt skifta mykje, alt etter fyllinga i magasinet.

Stranda består for det meste av stein og fjell, der grunnfjellet mange stader støyter like til vatnet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Vegetasjonen i strandsona er sparsam, men ein vil finna botngras, brasmebras og neddemt vegetasjon ved oppfyllinga av magasinet.

På noko sikt vil reguleringa føre til ei nokså steril strandsone. Nedslagsfeltet elles består av skogsmark kor det veks spreid bjørkeskog, men her er og mykje snaufjell.

Div. større og mindre bekker fell inn i vatnet ymse stader.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er omlag 8,0 m og fargen på vatnet blålig som indikerar eit oligotrof eller næringsfattig vatn.

Surheita pH er målt til 4,94 som er i suraste laget for rogn og yngel.

Innhaldet av kalsium (Ca/1) er målt til 1,05 mg/l og den totale hardheita (CaO/1) til 1,60 mg/l. Vatnet har såleis ei svak bufferemne og pH vil fylgjeleg veksla mykje gjennom året.

Elektrisk leiingsemne ($\mu\text{S}/\text{cm}$) = 29,0.

Mageprøver.

For å få greie på kva fiskene eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 4 aurar og her vart det funne fjærmygglarver, svevemygg, vårflugelarver, vassteger, vasskalv, bythotrepes longimanus (plankton) og div. luftinsekter.

Planktonprøver.



Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m, og eit vertikaltrekk på 10 m, med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast som mykje fattige.

Fisk m.v.

Auren er einerådande i vatnet.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 150 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara, og vidare på cm-klassar, vil dette grafisk framsynt sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 30 fiskar og av desse var 29 røde og 1 lys-rød i fiskekjøttet.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.

17 stk. var hanfisk - 13 hofisk.

Alle prøgefiskane (100 %) var gytefisk.

Medelvækta av prøgefiskane var 419 gram. Den største fisken var 710 gram og 38 cm.

Ser vi på meddellengda og den årlege lengdetilveksten av prøgefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	4,6	9,1	13,6	18,3	24,0	30,1	32
Årleg lengdetilvekst i cm	4,6	4,5	4,5	4,7	5,7	6,1	2
Antall fiskar	30	30	30	30	29	17	

Medel kondisjonsfaktor = 1,16 tilseier feit fisk av mykje god kvalitet.

Vi har på neste side sett opp ein vekstkurve for auren i Romsvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).

Som vi her vil sjå, er veksten heller dårlig dei 3 første leveåra, men etter denne tid går det jamt oppover heilt til 6 års alder.


Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som næringsfattig og surt. På grunn av oppdemmingseffekten er fiskebestandet av mykje god kvalitet.

Dei kjemiske tilhøva i Romsvatnet er ikkje gode og vatnet ligg så avgjort på grensa når det gjeld formering. Framleis er det småfisk i vatnet, men ein må rekne med at rekrutteringa kan ta slutt innan få år.

Ser vi på mageprøvene, så syner desse fleire arter av næringsdyr medan planktonprøvene var mykje fattige.

Omfarfordelinga, saman med cm-klasseinndelinga, syner fisk av mange årgangar og storleikar. Vekstkurven gjer ein knekk ved 3 års alder og etter denne tid går det jamt oppover. Kondisjonsfaktoren er mykje god og tilseier feit, fin fisk.



Når fiskekvaliteten i Romsvatnet er uvanleg god, så skuldast dette oppdemminga av vatnet. Ei slik oppdemming har frigjort nye beiteareal for fisken, og ført til eit rikt næringsforråd i det nye arealet som har blitt lagt under vatn. Dette er noko som er vanleg i alle regulerte vatn, men etter kvart vil denne oppdemmings-effekten bli borte, og tilhøva vil bli dårlegare enn før.

Det vil vera av interesse å ta eit prøvefiske kvart år, i dei nærmaste åra framover, for å sjå korleis tilhøva endrar seg.

Framleis foregår ei viss formering, men det er all grunn til å tru at dette neppe varer lenge. Vatnet ertså surt at rogn og yngel vanskeleg vil kunna overleve.

Når vatnet i dag inneheld eit relativt stort fiskebestand, så kjem det av at Romsvatna var sterkt overbefolka før oppdemming, og det er for ein stor del denne fisken som det nå fiskast på, og som har fått nytte godt av næringsforrådet i det ned-demde arealet.

Gytetilhøva vil også som regel bli øyelagde, eller sterkt skadelidande ved reguleringar, og det same vil nok også vera tilfelle i Romsvatnet.

Praktiske tiltak.

For å nyttiggjera seg den ypperlige fisken ein i dag har i Romsvatnet må ein drive garnfiske med stormaska garn. Det bør ikkje nyttast mindre garnomfar. enn 20 for dermed å gi den mindre fisken ein sjanse.

Då det vil vera av interesse å fylgja fiskebestandet i dette vatnet, og sjå kor lang tid det går før "tilbakeslaget" kjem, må det utførast prøvefiske kvart år framover. Skulle det syne seg at fiskebestandet går tilbake, sjølv om fiskekvaliteten framleis er god, tyder dette på at næringsforrådet ikkje er fullt utnytta og det kan koma på tale med utsetjing av setjefisk av aure for å utnytte oppdemmings-effekten lengst mogeleg.

På noko sikt må ein vel likevel rekna med at vatnet blir fisketomt slik at det årleg må setjast ut setjefisk. På Vikeså vart det årleg fanga store mengder fin setjefisk for sal, så det skulle ikkje by på store vansker å få kjøpe den naudsynte fisken. Ein får då berre stilla seg avventande ei tid og setja tiltaka i verk når tida er inne.

Stavanger 26. april 1982

Einar Berg